

# Oppsummering frå oppstartsmøtet for næringsstrategien til Skjåk.

**Tid:** 24.11.2020 kl 19.00-22.00

**Stad:** Marlo Grendehus med nytt amfi. ☺

**Frammøtte:** 30 personar frå næringsliv, politikk og administrasjonen.

## Velkomen ved ordførar Edel Kveen.

Stutt om bestillinga av næringsstrategi, mandatet og at administrasjonen må få tid og rom til å gjere arbeidet som blir bestilt og at det vert sett av midlar til drift av alle tiltak som blir bestilt.

Føringar for arbeidet:

- a) Breitt medborgarskap skal utvikle forslag til strategi som skal vere hovuddokumentasjon og grunnlag for politisk avgjersle. Strategien skal gje grunnlag for å sikre best moglege avgjersler for næringsliv med konsekvensar for auke i folketalet i åra framover.
- b) Strategiarbeidet skal skje innan rammene av vedtekne utfordringar og mål i kommuneplanen 2017-2028 sin samfunnsdel.
- c) Strategiarbeidet skal utvikle forslag til mål og strategiske tiltak som bidreg til eit framtidiretta, heilskapleg og robust næringsliv i lokal, regional, nasjonal og globalt perspektiv.
- d) Arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv, for åra 2021-2028.
- e) Arbeidet med strategien skal involvere næringslivet i Skjåk.
- f) Strategien skal arbeide innanfor rammene av berekraft, miljøavtrykk og grønare framtid.

Referansegruppe er Formannskapet.

Arbeidsgruppe er næringskontoret med næringsjefen som leiar.

## Risikokapital og moglegheiter ved Gunnar Grindstuen frå Sparebank 1 Lom og Skjåk.

Sparebanken er med i dei fleste investeringar og idear.

Sparebanken vurderer kvar investering eller tiltak med kor langt ut på greina dei kan vere med. Dersom ein går for langt, knekk greina og det gjer vondt for alle partar.

## Moglegheiter i Skjåk sett frå andre sida av fjellet ved styreleiar i Stryvo, Arild Bødal.

Det handlar om folk! Vi må bygge kvarandre opp og heie på kvarandre. I Stryn gov dei ned janteloven på 70 talet..

Stryvo har problem med å skaffe riktig kompetanse, treng bustader til arbeidsfolk og gjerne "ein andre arbeidsplass".

## Næringsstrategi for Skjåk ein polemikk. Karl-Fredrik Tangen.

Til mandatet: Ver forsiktig med å bruke moteord som **alle** brukar: Robust, Berekraftig og verdiskapande. Kva er det unike med Skjåk?

- Val vi tek skal vare i 1000 år.
- Politiske tiltak må ramme alle like hardt.
- Kvardag framfor fest.
- Kultur skal løfte økonomien. Moroa skal finansierast.
- Innhald framfor form. ( Litteratur: Substans og framtrede)
- Familiar framfor generasjonar.
- Kreativ klasse. Nokre grupper føler seg usett.
  - For mange som trur at studiepoeng skal redde verden.  
Det er rådgjevarane som har status og vert framheva ikkje dei som gjer jobben..
- Historisk fundament framfor trendanalysar. Kva har vi og bruke det i den nye tida.
- Historiske kunnskapskammer.
- Generasjonar framfor kvartalsrapportar.
- Regional merkevarebygging. Eige det sjølv.
- Substans i det som seiast. (Skal tåle ein ufin drosjesjåfør.)
- Kva kan vi gjere bra? Alle skal syns det er bra.
- Faglegheit framfor smartheit.
- Ikkje Billig! Bø og Lom...
- Ikkje innyndande.
- Ikkje bestikkande.
- Gjer tydeleg og vidareutvikle nettverk.
- Koble utdanningsmiljø og næringsliv.
- Kjøp lokalt til det offentlege, kan føre til utvikling av bygda.
- Nærleik mellom avgjer og kontakt.
- Heilskap: bustad- næring – kultur

### Tre råd 1 fare

Ikkje sats på "kreativ klasse". Noen grupper føler seg usett.

Marknadsføring

Historisk framfor tidsanden

IKKJE SIGNALBYGG kan ikkje bygge seg sterk og stor. Dyrt og vanskeleg.

### Spør folk i bygda:

Kva er det fine med det vi har og det vi gjer?

Kva ønskjer du deg i livet ditt?

**Erik Ødegård** presenterte seg og fortalde om planar han har for Marloskulen.

Servering: Rømme og Spekemat frå Skjåk Mat med flatbrød frå Gudrun Ramstad

Gudbrandsdalskaku.

### Innspel frå salen:

- Arild de Presno ønskjer seg attende TIP på Otta. Det er ikkje relevant utdanning i nærleiken for bedrifta.
- Kristen Dagsgard vi har så mykje bra å bygge vidare på. Vi må ha trua på alt det Skjåk står for. Mykje som er jælma bra. Det gjeld å samle trådane og tørre å bruke shilling på drift. Understreka at det er viktig å ikkje berre bygge opp, ein må drifte. Til dømes heimesida skjåk.no
- Inger Einvik på Grotli kjem frå Inderøya med den gyldne omvei. Viktig erfaring frå der å framsnakke kvarandre. Korleis bli kjent- viktig med møteplassar.
- Tormod Sperstad: 10 nye arbeidsplassar i året står det i kommuneplanen. Det handlar om bulyst. SMIU har løysinga på korleis få folk hit. Må ha langsiktige planar og tiltak. Rette planar og tiltak. Politikarane må gjere det dei er valde til og gjera. HAUS har løysinga.
- Ole Smidesang frå SKÅPPÅ. Næringslivet må vere i førarsetet. Ta eigarskap i strategien. Det er ikkje kommuen som skal ordne "alt". Viktig å levere på ting som kan bidra til strategien. Næringslivet har vorte bydd opp til dans av kommunen. Bli med og dans og bli gjerne med på å føre innimellom!

### OPPSUMMERING ved Kommunedirektør Ivar Bø

Næringsstrategi er ein prosess. Det er løyvd 350.000 kr til arbeidet. Skjåk har stort fokus på næringsarbeid i organisasjonen, nytte ekstern kompetanse som kan utfordre. **Breidt medborgarskap** er viktig. Rammene er kommuneplanen med pessimistisk, nøkternt og optimistisk bilde.

Folketalsnedgang er negativt. Ikkje bruk dette om vi skal lykkast med næringsstrategien.

Karl-Fredrik Tangen meiner vi skal ha substans i merkevarebygginga kva legg Merete i HAUS i det?

Substansen er innhaldet i samfunnet. Alle bidreg. Spele på ungdom. Substans i det ein bygger opp. Stedlig kultur. Skal ikkje vere noko anna enn det vi er. Sjå på det vi har. Det er her vi er ifrå. Det er mykje kunnskap til arbeidet vidare.

Viktig å høyre på folk i alle samfunnslag. Næringsstrategien skal vekse på folk. Viktig for å få engasjement. Bruke tid med strategien. Viktig med fleire møtepunkt i strategiarbeidet.